



Referat frå første møte i arbeidsgruppa for Seniornett Eid

Møtestad: Kringla - Eid Frivilligsentral

Møtetid: Tysdag kl. 10.00 - 12.00

Tilstade: Marit Botn Lefdal, Sigurd Rønnekleiv, Wilhelm Nitter-Thorsen, Solgunn Leivdal og Astrid G. Torheim (Eid Frivilligsentral)

Sak 1/11: Godkjenning av samarbeidsavtale med Seniornett Norge.

Standardavtalen mellom Seniornett Norge og lokale klubbar vart omdelt og lest.

Vedtak: Samarbeidsavtalen vart godkjend slik den låg føre. Det er ønskjeleg at Seniornett Norge krev inn kontingenten og overfører medlemspengar til lokal konto.

Sak 2/11: Val av kontaktperson til Seniornett Norge

Vedtak: Marit Botn Lefdal vert kontaktperson til Seniornett Norge

Sak 3/11: Planlegging av Seniorsurfdagen 29. september

Gjennom å godkjenne avtalen med Seniornett Norge forpliktar klubben seg til å markere seniorsurfdagen 29. september. Dette er ein dag det også er open pensjonistkafè på Kringla. Under drøftinga av opplegg for dagen fekk styringsgruppa besøk av Gunn Guddal som er bedriftskontakt ved Eid vidaregåande skule. Ho skulle sonde om det var nokon på skulen som kunne lage til ein inspirasjonsdag for bruk av data.

Vedtak: Det vert laga til ein inspirasjonsdag i samband med Eid Pensjonistlag sin torsdagskafè 29.09. kl. 11.00 - 14.00. Gruppa ønskjer primært at ei gruppe elevar/lærarar frå Eid vidaregåande skule lagar til det faglege opplegget for denne dagen. Dette er også dagen då det øvrige aktivitetstilbodet til Seniornett Eid vert presentert.

Sak 4/11: Aktivitetsplan for Seniornett Eid

Vedtak: Basert på innspel og tilbakemeldingar om interesser lagar Seniornett Eid til følgjande aktivitetsplan:

Torsdag 29.09 - Seniorfurfdagen på Kringla Eid Frivilligsentral (kl. 11.00 – 14.00)

Tysdag 04.10 - Ferskinggruppe kl. 11-14 og kl. 14.00 - 17.00

Onsdag 05.10 - Behandling av bilete kl. 11-14 og kl. 14.00 - 17.00

Torsdag 06.10 - Repetisjonsgruppe kl. 11-14 (i møterommet)

Deretter vil desse gruppene møtast kvar veke fram til og med torsdag 01. desember.

Aktuelle instruktørar/gruppeleiarar som gruppa ringer til:

Foto: Øystein Torheim (Fotoklubben), Helge Rønnekleiv, evt. Reed foto og foto Almenning.

Nybyrjargruppe: Trond Åge Sørland, Kjetil Totland, Ottar Smørdal og Jon Kjørstad. Alle desse vert førespurde til neste møte. Frivilligsentralen prøver også å finne aktuelle kandidatar.

Sak 5/11: Neste møte

Vedtak: Neste møte vert torsdag 23. september kl. 15.00 på Kringla - Eid Frivilligsentral.

Nordfjordeid 20.09.2011

Astrid G. Torheim
- referent-



